

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 12.09.16

Vår ref. 929/16/BSI/5.7.1.3

Dykkar ref. 2015/7064-10

Hordaland Fylkeskommune
Boks 7900
5020 Bergen

E-mail

FORSLAG TIL REGIONAL PLANSTRATEGI 2016-2020 – UTVIKLINGSPLAN FOR HORDALAND.

Viser til dykkar brev av 31.05.16 vedkomande ovannemnde sak.

Ein planstrategi for fylkeskommunen er å finne ut kva planar som skal reviderast/lagast i perioden. Regionale planar er òg eit «styringsverktøy» for kommunane, og kan ha store konsekvensar for m.a. fiskerinæringa.

Diverse sitat frå sakspapira;

- For at Hordaland skal vera eit attraktivt fylke å bu i må det tilby bustadområde med høg kvalitet. Fylket må ha gode vilkår for etablering av nye verksemder med interessante arbeidsplassar(s. 6)
- Betra samspelet innan utdanningssektoren og mellom utdanning og arbeidsliv (s. 8)
- Fylket sine sterke klynger innan marin-, maritim og energisektor må utnyttast, men må balanserast med behovet for fleire bein å stå på som opplevingsøkonomi, kultur, reiseliv og mediebransjen. Ei ny «grøn klynge» kan også vera aktuelt (s. 9)
- Biologisk mangfald er stort i fylket og bør vernast om med grunngjeving ikkje berre ut i frå økologiske synsvinkel, men også som ein opplevingsverdi og næringsverdi (s.14)
- Forureining av vassdrag og fjordar er døme på truslar mot biologisk mangfald som må motverkast (s. 14)
- Fylket husar store regionale og nasjonale verdiar innan landskap og kulturmiljø (s. 14)
- Viktige kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap med deira eigenart og variasjon skal vernast både som del av kulturarv og identitet og som ledd i ei heilskapleg miljø og ressursforvaltning (s. 14)
- Overordna planar for bruk og vern av areal- og naturressursar er heilt avgjerande for ei berekraftig utvikling (s. 15)»



- Ny regional plan for areal, natur- og kulturmunneressursar...Det er trøng for å handtere strandsoneforvaltning i planen (s. 16)...Å utpeike særlege satsingsområde for kulturlandskap, landskapsparkar og matproduksjon inkludert akvakultur og skogbruk bør vera ein del av ein slik plan...Det bør vurderast om det skal lagast ein samla plan for sjø- og landareal. Regional kustsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger er venta vedtatt i 2016. Denne planen kan vera ein modell for tilsvarende planar i resten av fylket. (s. 17)

Ovannemnde viser at ulike regionale planar kan ha påverknad på fiskeriinteressene i vid forstand. Planlegging av land- og sjøområda heng tett saman.

Ein vil peike på at ofte er bruk, og levande kystsamfunn, ofte det beste vernet.

Fiskeri har vore, og er, òg kystkultur, som må leggjast til rette for òg i framtida.

Ein vil gjere merksam på at kysten utgjer sjølve grunnlaget for norsk sjømatnæring. Våre viktigaste gyteområde, oppvekstområde og fiskeområde ligg her. Sjømatnæringa og Regjeringa har ein felles visjon om at Norge skal bli «verdens fremste sjømatnasjon». For å oppnå dette er ein heilt avhengig av et godt havmiljø med reine og produktive sjøområde, noko som er avgjerande for kvalitet, mattryggleik, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat.

I tillegg er ein avhengig av eigna areal å fiske på. Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så tar ein bit for bit frå fiskeriinteressene.

Fiskeridirektoratet ivaretar sterke regionale og nasjonale fiskeriinteresser i planprosessar, og kommunen har spesielt ansvar for å ivareta lokale og svake regionale fiskeriinteresser i slike samanhengar.

I sakspapira blir det tala om «Styrka jordvern», kva med styrka sjøvern for dagens fiskerinæring, som er ei fornybar næring?

Ein vil òg samstundes minne om at framtidige generasjonar òg må ha mogelegheit til å utnytte strandsona, jf. Side 6 der det m.a. står; «Berekraftig utvikling er en utvikling som imøtekommere dagens behov utan å ødelegge mulighetene for at kommende generasjoner skal få dekket sine behov».

Fiskarlaget Vest har ikkje noko innspel direkte i høve kva planar som skal reviderast/vurderast, men forutset, på bakgrunn av ovannemnde, at fylkeskommunen ivaretar fiskeriinteressene i vid forstand både på sjø og land.

Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt Sæle Instebø
Britt Sæle Instebø

Kopi; Norges Fiskarlag
Fylkesmannen i Hordaland
Fiskeridirektoratet region Vest